



Gunn Mari Moberg vald til ny leiar på årsmøte i Uskedal utvikling i kveld.

Gunn Mari Moberg er vald til ny leiar i Uskedal utvikling. Med seg styret har ho Egil Myhre, Henrik Lyse, Andreas Tarberg og Kristian Bringedal. Jan Erik Olsson tok ikkje attval. Han har sidan skipinga av Uskedal utvikling i 1989 vore aktiv i styre og utval. Olsson vil framleis vera med i arbeidet for vedlikehald og drift av Gamleskulen. Varamedlemer til styret er: Oddbjørn Kroka, Berit H. Døssland og Hilde B. Bringedal.

Knappe 20 medlemmer og andre interesserte møtte fram til årsmøte. Styret la fram årsmelding og rapportar frå Kafe Tiaren, nettsida Uskedalen.no og frå arbeidet med kjellaren i Gamleskulen.

Nettsida Uskedalen.no kan syna til høg aktivitet med 1484 publiserte saker i 2017. Det er lagt ut vel 180 lesarbilete og talet på lesarar ligg i snitt på 1100 pr. døger. Redaksjonsgruppa har hatt eit omfattande arbeid med å kvalitetssikra saker der ein har vore i grenseland med å bruka bilete utan formell avtale. Thor Inge Døssland bed om fritak frå skriving. Han har vore lang tid gjort eit stort arbeid for nettsida og styret vil på neste møte ha ei markering som takk til Thor Inge.

Handlingsplanen for 2018 vart vedteken med nokre merknader. Det vart mellom anna sagt at ein bør nytta dei positive profileringseffekten bygda vil få ved NRK programmet frå Skorpo, truleg synt til hausten. Eit klart mål er å auka medlemstalet til 100. Det bør kunna gå ved bruk av Vipps og ei aktiv markedsføring.

Økonomien er god. Revisorane Hans Reidar Kjærland og Leon Gundersen har som vanleg få merknader til Alf Hjørnevåg sitt grundige arbeid som rekneskapsførar. Nokre tilskot er bunde opp til bygdeutvikling, utsiktsrydding og arbeid med kjellaren.

Tema status og vidare utvikling av Børnes industriområde vert eiga sak på nettsida.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal